



Valle kommune

OPPVEKST

Heilskapleg plan for oppvekstsektoren 2022 – 2028



*«Ein trygg og god oppvekst
legg grunnlaget for at barn og
unge skal bli robuste, aktive og
engasjerte innbyggjarar».*

Innhald

01	Om oppvekstplanen	3
02	Rammer for planarbeidet	4
03	Planprosess og medverknad	6
04	Kunnskapsgrunnlag	8
05	Status og utfordringar	12
06	Innsatsområde og samarbeid	19
07	Kjelder	22

01 OM OPPVEKSTPLANEN

Valle kommune skal vere ein attraktiv og trygg stad å bu med gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for alle.

Frå kommuneplanens samfunnsdel, s.34

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for kommunen. Kommuneplanen inneheld to delar som er integrert i kvarandre, arealdel og samfunnsdel. I desember 2020 vedtok kommunestyret planstrategi for kommunen. "Heilskapleg plan for oppvekst" er ein del av denne planstrategien.

«Heilskapleg plan for oppvekst» er ein strategisk plan og eit overordna styringsdokument for områda i oppvekstsektoren i Valle kommune.

1.1 Formål

Barn og unge skal ha ein trygg og god oppvekst i Valle og kommunen skal bidra til ei meningsfylt fritid for barn, unge og deira familiar. Planen skal vere styrande for administrasjonen sine prioriteringar og vurderingar for vidare utviklingsarbeid.

Hovudformålet med oppvekstplanen er å sikre oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, nasjonale føringar og reformer. Oppvekstplanen dekker heile løpet frå svangerskap til ung vaksen og danner grunnlaget for arbeid med kommunen sitt handlingsprogram for området.

Heilskapleg plan for oppvekst gir rammer for endring og utvikling av oppvekstsektoren. Strategiane peikar retning for sektoren, men detaljstyrar ikkje. Planen peikar retning for eit styrka tverrfagleg samarbeid gjennom tidleg innsats og tilpassa tiltak for sårbare barn og familiar ut frå deira behov.

Planen har hovudmål («Slik vil vi ha det») og stratgjar for arbeidet («Slik gjer vi det»), og er systematisk og oversiktleg.

Planen skal:

- Sikre at Valle kommune styrkar arbeidet med tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet
- Styrke det førebyggjande arbeidet og tilpassa kunnskapsbasert og evidensbaserte tiltak.
- Sikre systematiske og samordna prosessar for effektiv bruk av kompetanse og økonomiske ressursar for auke velferd til innbyggjarane i kommunen.
- Sikre mogelegheit til deltaking og inkludering i fellesskapet og utjamne levekårsutfordringar
- Sikre trygge nærmiljø som gir rom og arena for engasjement og deltaking

02 Rammer for planarbeidet



Foto: Marit J Brokke

2.1 Rammer for planarbeidet

“Heilskapleg plan for oppvekst” skal vere eit styringsverktøy for avdelingene innafor oppvekstsektoren. Ved rullering av planen skal mål og strategi i kommuneplanen følgjast opp. Planen skal i tillegg ta inn i seg nasjonale reformar og utviklingstiltak.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma - og kalt oppvekstreforma - trådte i kraft 01.01.2022. Reforma endrar ansvar for barnevernet og gir kommunen eit auka ansvar fagleg og økonomisk.

Reforma skal styrke arbeidet med tidleg innsats og det førebyggjande arbeidet blant barn og unge, hjelpa skal bli meir tilpassa barnet- og familiens behov samt ivareta rettsikkerheita. I tillegg skal ressursbruk og oppgåveløysing innafor barnevernområdet blir meir effektivt.

Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis

Stortingsmelding 6 (2019-2020) «Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO» vil gi alle barn og unge like høve for alle, uavhengig av kjønn, bakgrunn, kognitive og fysiske ulikskap. Kompetanse må tett på barnet gjennom styrking av det tverrfaglege samarbeidet. Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis er eit statleg tiltak for å sikre at alle barn opplever å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

Likeverdsreforma

Barn, unge og familiar med behov for samansette tenestar skal gjennom likeverdsreforma oppleve at

samfunnet stiller opp og at alle gis like høve til deltaking og utvikling. Likeverdsreforma skal gjere at barn, unge og familiar med behov for samansette tenestar:

- Mottek samanhengande gode tenestar
- Er sjef i eige liv
- Har ein meningsfull kvardag
- Opplever som pårørande at ein blir tatt vare på og inkludert

Lowverk, planar og dokument

Heilskapleg plan for oppvekst baserar seg i tillegg på følgjande føringar:

- Kommuneplanen; samfunnsdel for Valle kommune
- Regionplan Agder 2030
- Lov om barnevern §2-1, 3-1: Statforvaltarens krav om plan for førebyggjande arbeid
- Lovverk for barnehage, skule, helseteneste og barnevern
- Kartleggingsprosjekt- Oppvekstreforma- Setesdal Barnevern

Hovudområde

Planstrategien definerar dei prioriterte tema i planen:

- Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet
- Aktivitet og fellesskap
- Utjamning av sosial ulikheit
- Likestilling, inkludering og mangfald
- Barn og unge blir spurt, høyrte og tatt på alvor

03 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD




Foto: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

3.1 Målgruppe og prosess

Målgruppa for planen er i første rekke kommunale tenestar som møter barn og unge: Jordmor og helsestasjon, skulehelsetenesta, barnehage, skule, kultur- og fritid, barnevern og pedagogisk-psykologisk teneste.

Alle mål i planen kan likevel ikkje nåast berre av dei kommunale tenestene. Idrettslag, frivillig innsats, føresette, politikarar og øvrige delar av Valle-samfunnet har heilt avgjerande betydning for at barn og unge opplever ein god oppvekst i Valle.

Politisk prosess

Kommunestyret

Handsaming av Planstrategi i kommunestyret 16.12.2020.

Vedtak Heilskapeleg plan for oppvekst 25.06.2022.

Levekårsutvalet

Levekårsutvalet vart orientert om status for Heilskapeleg plan for oppvekst:

- 21.09.2021
- 19.10.2021
- 14.12.2021
- 05.04.2022

Arbeidsprosess

Arbeidet har vore leia av skulefagleg ansvarleg og styringsgruppa. I tillegg har det vore ei utvida arbeidsgruppe med leiarar i sektoren.

Involvering og medverknad

I arbeidet med planen har det vore gjennomført ulike aktivitetar for å involvere og informere:

- **Innbyggjarworkshop:** 12.oktober 2021 var det innbyggjarworkshop/temamøte på Soknehuset på Rysstad.
- **Barn og ungdom:** 19 oktober 2021 blei det gjennomført workshop med elevane på 7. og 9 klassetrinn på Valle skule. Tema for møtet var framtidsbilete og korleis det vil opplevast å vere barn/ungdom i Valle i framtida. Kva er det som er bra med å bu i Valle og kva for utfordringar og lysingar ser ein. Det blei i tillegg gjennomført intervjuar med unge vaksne som er flytta ut av Valle for studier eller arbeid.
- **Tillitsvalde og tilsette i oppvekstsektoren:** Alle tilsette i barnehagane, skulen og kultur og fritid har vore med i gruppearbeid kring målsetting og visjon samt vidare prioriteringar i arbeidet.
- **Foreldre/føresette:** Spørreundersøking alle foreldre og føresette i kommunen. Tema: førebyggjande tiltak for barn og ungdom.
- **Tenesteområda i kommunen:** Spørreundersøking på leiarnivå: tema førebyggjande tiltak for barn og ungdom.
- **FAU/SU ved skule og barnehage:** Orienteringar om planprosessen undervegs i arbeidet.

04 KUNNSKAPSGRUNNLAG




Foto: Setesdal Vidaregåande skule- Ewald Assmann

4.1 Oppvekstvilkår

Barn og unge sin oppvekst formast i stor grad av å høyre til ulike fellesskap. Mange av fellesskapa skjer på arena som drifast av kommunen, som barnehage, skule, skulefritidsordning og kulturskule.

Familiereelasjonar og nære venar er viktige i alle aldrar. Betydninga av venar aukar i takt med alder. Trygge relasjonar i oppveksten bidrar å skape gode relasjonar seinare i livet.



Figur 1 Kva formar oppvekstvilkår. Frå Folkehelseinstituttet.

De tre første leveåra har stor påverknad

I dei tre første leveåra er hjernen på sitt mest formbare. Desse åra er avgjerande for vidare utvikling og læring. Hjernen utviklar seg i rekordfart, og barna lærer meir i denne perioden enn på noko anna tidspunkt seinare i livet. Eit godt grunnlag i desse åra, aukar sannsynet for ei god utvikling. Dei første leveåra påverkar spesielt evna til sjølvregulering (som impuls kontroll, samarbeid, konsentrasjon) og språkutvikling.

At barnet opplever god kontakt og samspel med føresette og andre omsorgspersonar er vesentleg. Tilknytning til trygge omsorgspersonar er særskild viktig. Kvaliteten på tilknytninga avhenger av samspelet mellom barn og vaksen. Barn har behov for omsorgspersonar som er merksame og til stade, og som er sensitive til barnas behov.

Tidleg og tverrfagleg innsats

Formålet med tidleg innsats er å redusere risikoen for at små utfordringar, blir store. Utfordringar kan dreie seg om

problemåtfærd, helseproblem, lærevanskar, mobbing eller sosiale problem. Kommunale tenester skal arbeide for å førebyggje utfordringa, og sette inn tiltak tidleg når utfordringar avdekkast.

Tidleg innsats ei eit omgrep som gjeld for heile oppvekstsektoren. Det er utarbeidd fleire definisjonar av omgrepet men felles for alle er "å gripe inn i livet til eit barn så fort ein oppdagar at ei utfordring har oppstått eller avdekkast. Stortingsmelding nr 16 "Og ingen stod igjen og hang (2006- 2007)" omtalar korleis ein skal forstå tidleg innsats:

"Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv, og tidlig inngripen når problem oppstår eller avdekkes i førskulealder, i løpet av grunnopplæringen eller i voksen alder"


Sosiale ulikheiter og utjamning

Barn og ungdom har ulik tilgang til ressursar gjennom sine føresette. Ressursane kan vere økonomiske, kulturelle eller sosiale. Barna som veks opp i familiar med minst sosioøkonomiske ressursar, spesielt familiar med vedvarende låg inntekt, presterar i snitt dårlegare på kognitive og språklige tester. Dei har òg auka risiko for å falle ut av skule og arbeidsliv. Låg utdanning og låg inntekt gir høgare risiko for uhelse og kortare forventale levealder.



Figur 2 Redusere skilnader i helse. Frå Folkehelseinstituttet

Dess fleire ressursar familien har tilgjengeleg, dess betre fysisk og psykisk helse kan barnet forvente å ha gjennom heile livet. Mottak av sosialstønad går ofte i 'arv' mellom generasjonar, og det må arbeidast aktivt for å etablere nye mønstre. Deltaking i fritidsaktivitetar har vist seg å bidra til reduserte sosiale forskjellar.



Figur 3 Integrated Childrens System - trekantmodellen.
Figur frå Bufdir.

4.2 Integrated Childrens System (ICS) - trekantmodellen

ICS, heretter kalla trekantmodellen, er ein kunnskapsmodell med inspirasjon frå Bronfenbrenners økologiske utviklingsperspektiv. Trekantmodellen tar utgangspunkt i barns grunnleggjande behov for ei sunn utvikling. I tillegg kan modellen omtale ulike risikofaktorar barn og unge blir utsett for og vidare avhjelpande vernefaktorar. Modellen er utvikla for å forstå barns utvikling, men kan nyttast som grunnlag for å sortere kunnskap om barns og ungdom sine behov, risiko og vern.

Modellen syner 3 dimensjonar for barn og unges grunnleggjande behov:

1. Barn og unges utviklingsbehov; omtale av helse, utdanning, emosjonell og åtferdsmessig samt sosial utvikling

til barn/ungdom. I utviklingsperspektivet ser ein behov frå spedbarnsalder til ungdomstid/ung vaksen.

2. Foreldre/føresette sin kapasitet; evne og ressursar til å gi omsorg, stimulere og gi rettleiing, vere følelsesmessig tilgjengeleg og gi sikkerheit. Dette perspektivet er spesielt grunnleggjande i barnets første leveår, men har stor betydning opp gjennom ungdomstida.

3. Familie og miljø; omgjevnaden der barn, ungdom og føresette er tilstade. Barnets sosiale liv i nærmiljøet, frivillig organisert aktivitet og i det offentlege tenestetilbodet. Viktig her er barnets skulemiljø, vennemiljø og tilgong til fritidsaktivitetar.

Modellen må forståast ved at alle dimensjonane heng saman.

Vern- og risikofaktorar i barn og unges utvikling

Telemarksforskning har utvikla ein modell for vernefaktorar og risikofaktorar som kan knyttast til trekantmodellen.

Vernefaktorar

Barn og unge som veks opp med høg grad av «vernefaktorar» rundt seg, har lågare risiko for å falle utanfor både som vaksne og barn. Dess fleire faktorar som er tilstade samstundes, dess betre vern. Dei fem faktorane er:

- **Familie:** Relasjonen mellom foreldre/foresatte og barn og unge, inkl. foreldre som rollemodellar, varme og støtte, foreldreinvolvering.
- **Skule:** Godt skuleklima med bl.a. tryggleik, gode relasjonar og gode føresetnader for læring.
- **Nærmiljø:** Samhald og rollemodellar i omgjevnadane.
- **Sosiale relasjonar:** Gode relasjonar til venar styrkar identitet og tilhøyring.
- **Deltaking:** Deltaking i organisert idrett og andre aktivitetar kan gi betre fysisk og psykisk helse.

Dei fem faktorane er alle sosiale arenaer og relasjonar, og kor sterk effekt dei har som «vern» kjem an på norma og åtferd i gruppa.

Risikofaktorar

- **Psykisk helse:** Problematikken har auka i omfang og slike utfordringar kan ha langtrekkjande verkand seinare i livet. Undersøkingar har bl.a. synt at dårleg psykisk helse kan ha påverknad for skuleprestasjonar og gjennomføring av skule og utdanning. Andre undersøkingar syner at psykisk uhelse gjennom ungdomstida gjerne varar inn i vaksenlivet og kan få store konsekvensar i tilknytning til arbeidslivet.
- **Regel- eller normbrot** Undersøkingar har synt at normbrot i tidleg alder kan vere ein indikasjon på seinare utfordringar knytt til asosial åtferd, kriminalitet eller ulike former for utanforskap. Barn og unge med normbrytande åtferd har lågare sannsyn for arbeidsdeltaking enn andre grupper.
- **Bruk av rusmidlar:** Det er godt kjent at overdriven alkoholbruk i ungdomstida representerer ein risiko for skadeleg alkoholbruk seinare i livet.

4.3 Tiltak i det førebyggjande arbeidet

Universelle


Universalførebyggjande tiltak er gruppeorienterte tiltak som barn og foreldre/føresette kan delta i. Barn, ungdom og føresette møter og nyttar ein rekke universelle tilbod, frå oppfølging og kontrollar på helsestasjon til barnehage, SFO og grunnskule.

Selektive

Selektive førebyggjande tiltak er retta mot grupper som lever med kjend og auka risiko. Desse tiltaka kan vere meir treffsikre. Målet med selektive førebyggjande tiltak er styrke vernefaktorane som godt fungerande familiar, emosjonelle relasjonar og tilknytning, omsorgsfull og konsekvent oppdraging, evne til problemløysing, autoritativ oppdragarstil og evna til å leve med risikofaktorar.

Indikative

Tiltak på indikativt nivå tilbys individuelt til barn, ungdom og føresette der risikofaktorar er konkret observert og har vedvart over tid. Tiltaka er behandlande.



Figur fra Bufdir

“Hvis det i sannhet skal lykkes å føre et menneske hen til et bestemt sted, må man først passe på å finne ham der hvor han er og begynne der. Dette er hemmeligheten i all hjelpekunst.”

- Søren Kierkegaard 1813-1855

05 STATUS OG UTFORDRINGER



Foto: Valle skule- Tove Andersen


5.1 Trender nasjonalt og regionalt

Nasjonale trender

Dei siste 10 åra har barn og unges psykiske helse og aktivitetsnivå endra seg på nasjonalt nivå. Forklaringsfaktorane varierar, men auka bruk av sosiale media, høg skjermbruk, meir stillesitting og covid-19 restriksjonar er nokre av dei.

I Folkehelseinstituttet sin Folkehelse rapport 2018 omtalast psykisk uhelse blant barn og unge. Jenter har høgast diagnoseforekomst i alderen 15–17 år, medan gutar har høgast diagnoseforekomst i alderen 5–14 år. Blant jenter er dei hyppigast brukte diagnosene i denne gruppa depresjon, angstlidelser, tilpasningsforstyrringar og spiseforstyringar. Blant gutar er det ADHD, autismespekterforstyringar, Tourettes syndrom og atferdsforstyringar som er hyppigast.

Folkehelseinstituttets folkehelseprofil viser at det mange som er mindre fysisk aktive enn det som er anbefalt. Andelen som er i tilstrekkeleg fysisk aktivitet reduserast kraftig mellom småskulealderen til 15–20 årsalderen. Fleire gutar enn jenter er fysisk aktive fram til 20-åra.



Figur 4 Andelen norske barn, ungdom og voksne som tilfredsstillar minimumsanbefalingen for fysisk aktivitet. Frå Folkehelseinstituttet.

Frå Idrettsforbundet og andre aktørar har det vore meldt om stort fråfall frå organiserte aktivitetar blant både unge og voksne. Noregs Idrettsforbund mista 185.000 medlemmar i 2020, med størst prosentvis nedgang blant dei under 12 år. To år med varierende grad av oppfordringar om avgrensa sosial kontakt og restriksjonar på avstand og deltakartal har gjort at mange har heldt seg vekke frå aktivitetar som ikkje er strengt naudsynte. Det er ikkje sjølvstendig at alle vil komme tilbake sjølv om restriksjonane opphørde våren 2022.

I både Noreg og andre vestlege land rapporterer ungdom i aukane grad psykiske helseplagar. Forskningsprosjektet 'Stress og press blant ungdom i dag' har sett nærmare på stress og press som årsak til psykiske vanskar. Tre formar påverkar:

- Skulepress – krav eller forventningar om å gjere det bra på skulen, opplevinga av å aldri vere fri frå krav, og bekymring om framtida. Gjeld spesielt elevar i vidaregåande skule.
- Kroppspress – spesielt blant jenter
- Sosiale media – ungdom som brukar sosiale media meir enn 3 timer dagleg rapporterer oftare psykiske helseplagar

Samstundes er det svært individuelt kor mykje press den enkelte ungdom opplever innanfor kvar av kategoriene. Skulepress er mest utbreidd.

Regionalt i Agder


Levekår handlar generelt om livskvalitet, om korleis ein har det. Økonomi er ein del av dette. Når ein måler levekår, målar ein fleire faktorar i befolkninga, som helse, utdanning, sosiale relasjonar og tryggleik.

Agder scorar dårleg på levekårsindikatorar samanlikna med andre regionar: Høg andel unge med ytelse frå NAV, låg sysselsetningsgrad, høgare grad av deltidsarbeid og lågare gjennomsnittsinntekt.

Sosiale ulikheitlar i helse er systematiske forskjellar i helsetilstand som følgjer sosiale og økonomiske kategoriar (særleg yrke, utdanning og inntekt). Å vekse opp i dårlege levekår kan medføre dårlegare helse, større risiko for utenforskap og fare for å stå utanfor arbeidslivet som vaksen. Ulikskap i levekår og livskvalitet blant norske ungdommar heng tett saman med foreldranes sosiale og økonomiske status.

5.2 Demografi og tilbod i Valle i dag

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen



Demografi

Det har vore ei vekst i befolkninga siste kvartal av 2021.

- Talet på barn og unge (0-17 år) i Valle har vore stabilt over tid.
- Andel barn mellom 1- 5 år som hadde barnehageplass i 2020 var 89,8 %
- Andel elevar frå 1. til 4. klasse som hadde plass i SFO var 82,4 %
- Andel barn med plass i kommunal musikk- og kulturskule var 27,1 % i 2021

Aldersgruppa 16-19 år (vidaregåande elevar) er lite til stade i kommunen på kvardagane grunna skule og studiar i andre kommunar. Dei kjem midlertidig ofte heim i helgar og feriar.

Tenestetilbodet i Valle kommune

0-5 år:

Helsestasjon

Helsestasjonstenesta er eit gratis tilbod for gravide, barn, unge og familiar. Tilbodet omfattar 14 faste konsultasjonar fram til skulealder, barnevaksining, helseopplysning og oppfølging ved behov.

Ved helsestasjonen får føresatte råd, rettleiing og svar på spørsmål i svangerskapet og om barnets utvikling, vekst og trivsel. Foreldra får støtte og hjelp i foreldrerolla, slik at dei kan føle meistring til å møte sitt barns behov. Helsestasjonen har eit spesielt ansvar for å følgje opp barn og familiar i potensielt vanskelege livssituasjonar, og sørger for hjelp og oppfølging til barn og barnets familie. Helsestasjon for 0-5 åringar er organisert i helsesamarbeidet mellom Bykle og Valle.

0-5 år: Barnehage

Valle kommune har to barnehager og full barnehagedekning. Barnehagen praktiserer gratis kjernetid for familiar under gjeldande inntektsgrense. Barnehagane oppfylte bemannings- og pedagognorm fullt ut i 2021.

6-16 år:

Grunnskule

Valle kommune har ein grunnskule. Skulen er ein fulldelt 1-10 skule. Skulen følgjer opp læringsmiljø og læringsresultat gjennom skulebasert vurdering og kvalitetsutvikling for forbetre elevane si læring. Årleg kvalitetsmelding omtalar tilstanden og vegen vidare. Valle skule er ein «Mitt val» skule og arbeidar

systematisk med programmet for å styrke elevane i å treffe gode val for seg sjølv og andre.

Skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom

Skulehelsetenesta er eit gratis tilbod til alle elevar på barneskulen, ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Helsesjukepleiar er til stade på skulen 2 dagar pr veke, men er i tillegg tilgjengeleg digitalt gjennom til dømes Snapchat.

Elevane får råd, rettleiing og tilbod om helseundersøkingar og vaksinasjonar ihht. til barnevaksinasjonsprogrammet. Skulehelsetenesta gir råd om fysisk, psykisk og seksuell helse, og arbeidar for å styrke skuleelevane si meistring av kvardagen. Skuleelevar kan fritt nytte skulehelsetenesta når ein treng å snakke med ein vaksen om tema som er vanskelege. Ved behov kan ein bli henvist vidare til andre instansar. Skulehelsetenesta held kurs med elevar / foreldre / gruppesamtalar, rettleiar og stør skulen i undervisning av aktuelle tema. Helsesjukepleiar kan òg delta på foreldremøte.

Elevråd

Valle skule har to elevråd, eit for mellomtrinnet og eit for ungdomstrinnet. Elevrådet har 6-8 møtar pr år. Elevråda har eigen elevrådsadministrator som koordinerer saker, møteinnkallingar og referat, samt følgjer opp arbeidet mellom møta.

Ungdomsråd

Valle Ungdomsråd er barn og unge sitt formelle organ i kommunen, og har ca 4 møter kvart år. Ungdområdet har ein politisk utvalsekretær som koordinerer arbeidet.

Setesdal ungdomsråd er organisert under Setesdal interkommunalt politisk råd. Det sit to representantar frå Valle ungdomsråd i Setesdal ungdomsråd.

17-25 år

Vidaregåande skule

Ungdom frå Valle flyttar stort sett ut av kommunen for å ta vidare studie. Mange bur på hybel frå dei er 16 år. Setesdal Vidaregåande skule har studietilbod i Valle på

Design og gullsmedhåndverk. Elevar som deltar i dette studiet bur på hybel i Valle og nyttar kommunen sitt tenestetilbod.

Vidare studie- og yrkesliv

Etter gjennomført grunnskule søker elevane vidaregåande utdanning i Agder. Fleire vel yrkesretta utdanning enn studiespesialisering. Det er ein større andel jenter som vel studiespesialisering enn gutar.

Stipend og tilskot

Ungdommar i Valle har moglegheit til å søkje om utviklingsstipend innafor idrett og kultur, og utdanningsstipend. Frivillige lag og foreiningar kan søkje kulturmidlar frå kommunen.

På tvers av aldersgrupper

Folkebiblioteket

Valle bibliotek, Sæbyggjen, er ein uformell møteplass for barn, ungdom og familiar. Biblioteket er ope på kvardagane heile året. Alle over 16 år kan nytte biblioteket også utanom ordinære opningstider og i helger, ved å inngå avtale om tilgang til meirope bibliotek. På biblioteket kan ein gjere lekser, låne bøker eller berre «henge». På hemsens kan ein finne seg ei bok, spele spel eller sjå film. I tillegg er det studieplassar på hemsens. Ungdomsarbeidar er i biblioteket kvar onsdag, frå skuleslutt til fritidsklubben startar.

Oppvekstvilkår og fritid

I tillegg til kvardagen barn og unge møter i barnehage og skule, treng dei å vekse opp med eit kulturtilbod og fritidsaktivitetar. Ulike utfordringar i livet kan påverke i kva grad ein kan delta på fritidsaktivitetar. Det kan gjelde fysiske føresetnadar, økonomi, bustad og interesser.

Dei organiserte fritidsaktivitetane for barn og ungdom, er i stor grad knytt til idrettslaget og kulturskulen. Idrettslaget tilbyr aktivitet gjennom heile året for barn frå 5 år og eldre. Hovudaktivitet er barneidrett, fotball og ski. "Møykjerommet" er ein fritidsaktivitet som er tilgjengeleg for ungdom over 16 år.

Tilbodet til kulturskolen er eit lovpålagt tilbod og er i Valle breiare enn tradisjonelt, og er utvida med til dømes kor i barnehage, skuletid og fritid. Kulturskolen har eit breidt tilbod og innafor folkemusikk.

Barn og ungdom frå 5. klasse og eldre har tilbod om juniorklubb og ungdomsklubb kvar veke i skuleåret. «Klubbane» har fokus på aktivitet, fellesskap og inkludering og folkehelse. I tillegg er det eit rusfritt fritidstilbod for ungdom ein laurdag i månaden.

Ikkje organiserte aktivitetar

Ikkje all fritid er organisert. Ungdommane driv med aktivitetar som alpint, gaming/spel og friluftsliv. Blant dei over 16 år står skuterkøyring og mekking sterkt. "Allidrett" er eit tilbod til eldre barn og ungdom 1 gong pr mnd. Turløypar, jakt og friluftsliv er andre ikkje-organiserte aktivitetar for barn og ungdom i Valle. Brokke har tilbod om alpint, langrenn, rulleski og sykling.

Politiet og førebyggjande arbeid

Politiet sin primærstrategi er førebyggjande verksemd med særleg fokus på barn og unge. Ein viktig arena for politiet er tverrfaglige fora i samarbeid med andre etatar/institusjonar som arbeider med barn og unge som til dømes barnehage og skule. Politiet sitt førebyggjande arbeid er på individ og gruppenivå. Dette inneber at ein møter ungdom i sitt miljø og tar opp aktuelle tema; tryggleik på nett, rus og livsmeistring. På individnivå kan ein kalle inn barn/unge med foreldre til bekymringsamtale.

Psykisk helse og rus

Under helsetensta i Valle og Bykle ligg avdeling for psykisk helse og rus. Tenesta er ansvarleg for å førebyggje, diagnostisere og behandle innafor psykisk helse og avhengigheit og samarbeidar tett med andre kommunale tenestemråder samt spesialisthelsetenesta. Psykisk helse og rus er eit tenestemråde som er tverrfagleg samansett.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT for Setesdal er eit IKS mellom Bygland, Valle og Bykle. Tensta er eit frivillig og gratis kommunalt tilbod retta mot barn, unge, foreldre og vaksne, PPT gir og tilbod til barnehagane og skulane. I samarbeid med andre skal PPT gjennom system og individretta arbeid

bidra til at barn, unge og vaksne får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmogelegheiter.

Barnevernstenesta

Setesdal barnevern er eit interkommunalt samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle kommune. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta har ansvar for utgreiing, hjelpetiltak i heimen, plassering utanfor heimen og oppfølging av barn/unge plassert i fosterheim.

5.3 Status/resultat i Valle dag

Oppvekstbarometer (FHI)

Folkehelseinstituttet har oppdatert oppvekstprofilar for alle kommunar i 2022. Valle scorar spesielt lågt på andel barn som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt (signifikant dårlegare enn nasjonale tall). Samstundes scorar kommunen signifikant betre på psykiske symptomter og lidelser i aldersgruppa 15-24 år (brukarar av primærhelsetenesta). For dei øvrige indikatorane er Valle ikkje signifikant ulikt dei nasjonale resultatane.

Minoritetspråklege barn, unge og familiar

I Valle kommune har det over tid vore fleire barn, unge og familiar med fleirkulturell bakgrunn. Nokre som flyktingar og andre som arbeidsinnvandrarar. Minoritetspråklege familiar har eit anna morsmål enn norsk, men same rettar som andre barn og unge i barnehage og skule.

Elevundersøkinga 5.-10.klasse

Det vert årleg gjennomført den nasjonale elevundersøkinga på 5- til og med 10.trinn. Trender over tid er at elevane trivst på skulen, opplever å få hjelp og støtte frå dei tilsette på skulen og foreldra. Elevane opplever at det generelt er trygt og godt skulemiljø, men ein kan sjå gjennom lokale kartleggingar at det førekjem ekskludering, trakkassering og vald. Elevane scorar lågt på motivasjon for å gå på skulen. Elevane opplever at lærarane og foreldre har tru på dei, rettleiar og støtt opp under arbeidet deira.

Ungdata 2022

Ungdata er ein undersøking der skuleelevar svarar på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med på

fritida. Undersøkinga er for elevar på mellomtrinnet (Ungdata junior), ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

Valle kommune deltek i Ungdataundersøkinga. Kommunen har eigen koordinator for gjennomføring og oppfølging av resultat. Siste undersøking blei gjennomført i april 2022, med respondentar frå Valle skule (barneskuletrinnet og ungdomsskuletrinnet) og Setesdal vidaregåande skule avdeling Valle.

Eit utdrag av resultat frå Juniorundersøkinga:

- Elevane tykkjer stort sett at livet er bra (88% mot 93% nasjonalt)
- Fleiar oppgir at dei ikkje har nokon å vere saman med i fritida enn nasjonalt (88% mot 93%)
- Fleiar elevar oppgir at dei ikkje er nøgd med skulen enn nasjonalt (74% mot 81% nasjonalt)
- Elevane opplever ein trygg skuleveg (96% mot 93% nasjonalt)
- Elevane nyttar i langt større grad meir tid framom skjerm i Valle enn nasjonalt (91% mot 70 % nasjonalt)
- 70% av elevane nyttar meir enn ein time på sosiale media mot nasjonalt 36%
- Fleire elevar har opplevd negative hendingar på mobil/nett (43% mot 32% nasjonalt)
- Færre elevar er med på faste fritidsaktivitetar (58% mot 77% nasjonalt)
- Fleire har opplevd å bli trua, plaga eller utestengd av andre barn (15 % mot 10% nasjonalt)

Eit utdrag av resultat frå Ungdomsskuleundersøkinga:

- Fleire ungdomsskuleelevar deltek i organiserte fritidsaktivitetar i Valle enn nasjonalt snitt (70% mot 59 %)
- Ingen av elevane oppgir at dei er einsame (0% mot 11 % nasjonalt)
- Ein større andel oppgir at dei har vore sosiale på nett heile kvelden minst 2 dagar den siste veke (82% mot 77% nasjonalt)
- Ungdommane føler seg trygge i nærområda (97% mot 84% nasjonalt) og har tru på at dei får eit lykkeleg liv (70 %, mot 64 % nasjonalt).

- Ingen elevar snusar eller røyker hasj/marihuana, men 9% har opplevd å få tilbod om slike rusmidlar.
- Ein større andel oppgir at dei med vilje har utført hærværk i Valle enn nasjonalt nivå (18% mot 9%) og 9 % seier at dei har tatt ei vare frå butikk utan å betale.
- 3% rapporterer å bli mobba minst kvar 14.dag

“It takes a village to raise a child”

Afrikansk uttrykk

Fritidsaktivitetar

Andel barn og unge med organiserte aktivitetar går nedover etter grunnskulen. Dette mønsteret er gjennomgåande i heile landet. Når ungdommar flyttar heimafrå for å gå på skule andre stader, søkjar dei sjeldan nye klubbar for å kunne fortsette med idretten dei hadde drevet med i Valle.

Utval av og informasjon om fritidstilbod

Det er utfordrande å få til eit mangfald av aktivitetar i ein liten kommune, men det finst òg moglegheit for å koble initiativtakarar og frivilligheita tettare saman og få til meir enn i dag. ‘Meir-open’ (eigen-styrt bruk) av idrettshallen blir foreslått som tiltak av ungdomsskuleelevar.

Medverknad

Ungdomsråda er lite kjend og lite nytta av ungdommane, men har potensiale for å bli ein arena for medverknad og påverking. Agder Fylkeskommune har anbefalingar for organisering av ungdomsråd.

Barn og unge i risiko


Forsking og erfaring syner til at utsette barn, unge og familiar ikkje blir fanga opp tidleg nok til at dei får den hjelpa dei har behov for og at dårleg samhandling medverkar til brot i oppfølginga (NOU 2017:12 svikt og svik).

Utfordringsbiletet ein ser idag er at mange unge sliter med ulike former for psykiske helseutfordringar i kvardagen.

Mange unge uttrykkjer opplevinga av å vere stressa, sliten og einsame. Skulefråvær/vegring er eit aukande problem etter pandemitid/Covid 19. Foreldre til elevar med alvorleg skulevegring opplever problematikken som krevjande og etterspør rettleiing.

Levekår

Sosioøkonomiske utfordringar heng tett saman med kva høve barn og unge har for utvikling. Fattigdom kan òg bety det å mangle høve til å delta sosialt på lik linje med resten av samfunnet. Barn og unge treng sosiale relasjonar med jamngamle for å ha eit godt liv. Ein god oppvekst det barn og unge får nytta potensialet sitt vil vidare vere med å utlikne skilnader. Lavinntekt kan vere forbigåande eller vedvarande og det er årsaka til at ein ser på hushaldsinntektene over tid, 3 år. 3 år er betydeleg del av eit barns liv.



Figur 5 Barn i låginntektshusholdningar. Frå Bufdir

Oppvekst og fritid

I kartleggingsprosjektet svarar foreldre i Valle på barna si deltaking i fritidsaktivitetar: Om lag 70 % av barn i Valle deltek på organisert fritidsaktivitet, men 20 % meldar at dei aldri deltek. Mangel på ønska tilbod blir oppgitt som ei årsak til at ein ikkje. Alternativ til organisert fritidsaktivitet er til dømes gaming og anna skjermaktivitet eller "henging" i sentrum.

I Valle kommune er fordelinga på skjermtid slik:

- 0-1 timar: 15%
- 1-3 timar: 29 %
- 3-6 timar: 56 %

I tilbakemeldingane frå foreldra kom det fram at hovudutfordringane som familiane hadde fått hjelp, råd og rettleiing for var:

- Alvorleg skulefråvær
- Lærevanskar/språkvanskar
- Emosjonelle/psykiske vanskar
- Åtferdsvanskar
- Mobbing

Barnehage, Skule, PPT og helsesjukepleiar/helsestasjon var offentlege tenester som ga barnet og familien bistand gjennom tiltak som tilrettelegging, spesialundervisning og ansvarsgruppe. Barnevernet blei oppgitt som avdelinga som hadde bistått foreldra med hjelp og støtte i foreldrerolla.

Struktur og samarbeid

Oppvekstsektoren i Valle kommune er bundet til ulike former for samarbeid.

- Helsesektoren: IKS mellom Bykle og Valle
- PPT: IKS mellom Bygland, Valle og Bykle
- Setesdal Barnevern: IKS mellom Bygland, Valle og Bykle

Intensjon om eit sterkare samarbeid på tvers av tenestene i oppvekstsektoren er utfordra av organisasjonsstrukturen som er etablert pr i dag.

Utfordringar i samarbeid og struktur i tenestene er:

- Ansvarsfordeling mellom ulike einingar
- Ulike program i ulike alderstrinn; som ikkje alltid henger godt sammen
- Begrensa med tid til førebyggjande arbeid på grunn av høg saksmengde

06 INNSATSOMRÅDE OG SAMARBEID



6.1 Framtidsbilete

«Ein trygg og god oppvekst legg grunnlag for at barn og unge skal bli robuste, aktive og engasjerte innbyggjara».

Tryggleik, trivsel og verdsetting av mangfald gir grunnlag for at alle barn og unge får oppfylt sitt potensial. Barn og unge har rett til ein trygg og god oppvekst som legg rammene for eit godt vaksenliv.

6.2 Organisasjonsutvikling

Leiing

Skal ein lukkast i arbeidet og oppnå gode resultat må kommunens politiske og administrative leiing skape og formidle samanheng mellom mål, strategi og dagleg drift. Organisasjonar som lukkast har ei leiing som er involvert i endrings- og forbetningsarbeidet. Saman må ein skape ein kultur der høg kvalitet og stadig utvikling er normen, i tillegg til sentrale faktorar motivasjon, støtte og anerkjening.

Skal ein lukkast med det vidare arbeidet i oppvekstsektoren må arbeidet definerast av: "Slik gjer vi det i Valle".

Kultur

Barn, unge og familiar skal oppleve ein tydeleg og felles kultur der vi set barnet i fokus og der profesjonalitet og samarbeid er sentrale verdiar for å nå måla. Organisasjonskultur er felles verdiar, normer og oppfatningar av virkeligheita som utviklar seg gjennom samhandling.

Struktur

For å lukkast med "slik vil vi ha det", er det særskilt viktig at den organisatoriske strukturen innan oppvekst ikkje hindrar å sette barna og familien i fokus.

Strukturen må vere tydeleg på korleis ansvar fordelast mellom ulike einingar / roller, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike einingar skal arbeide saman. Arenaer / forum for samarbeid må vere forpliktande, og strukturar kan med fordel harmoniserast meir på tvers av dei internkommunale samarbeidane.

6.3 Oppfølging

Kommunedirektøren har eit overordna ansvar for å sikre at "Heilskapleg plan for oppvekst" blir fulgt opp. Alle avdelingar som er nemnd i planen må involverast i det vidare arbeidet med tiltaks- og handlingsplanar.

6.4 Prioriterte målsettinger, organisering, struktur og ansvar

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
<p>I Valle kommune ser vi heile barnet og skapar god samanheng i heile oppveksten.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide systematisk og tverrfagleg på tvers av tenester for å sikre eit heilskapleg, tilpassa og likeverdig tilbod til barn, unge og deira familiar • Styrke systematisk og samordna arbeid med identifisering og oppfølging av risikoutsette barn og unge • Ha fokus på at alle barn opplever eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø • Gjennomføre foreldrestøttande tiltak for å trygge dei i foreldrerolla • Utvikle kvalitetsindikatorar for å sikre støtte til barns utvikling og læring • Systematisk samarbeid mellom barnehage og barneskule/SFO, mellom barneskule og ungdomsskule • Tenestene som møter barnet bygger vidare på barnets erfaring, kunnskap og ferdigheiter • Elevråd, ungdomsråd, FAU, SU og SMU skal nyttast aktivt som medspelarar for å utvikle tenestene og kommunen.
<p>Barn og unge i Valle kommune skal ha sosial kompetanse, vere inkludert og oppleve å høyre til.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehage og skule arbeidar systematisk med felles kompetanseheving, kunnskapsgrunnlag og tiltak som skapar eit godt psykososialt oppvekstmiljø • Mangfald utgjer ein ressurs og barna skal bli kjent med og få respekt for ulikheiter. • Drive systematisk arbeid med å inkludere og skape tryggleik i barnehage, skule, SFO og fritidsaktivitetar • Leggje til rette for at det finst gode og tilgjengelege møteplassar for barn, unge og familiar • Ta initiativ til generasjonsmøter • Gi barn og unge mogelegheit til gode og variert kulturopplevingar og høve til å drive med idrett og frivilligheit. • Gi mogelegheit for at barn og unge kan delta i aktivitetar og fellesskap sjølv om det er utfordringar knytt til økonomi eller helse i familien
<p>Barn og unge utvikler kompetanse (kunnskap, ferdigheitar, evne og haldningar) til å meistra livet og framtidige utfordringar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Drive systematisk språkarbeid og lese- og skriveopplæring frå barnehage til ut grunnskulen • Gi barn og unge opplevingar og kreative lærings- og utviklingsmiljø gjennom forpliktande samarbeid i sektoren • Nytte teknologi aktivt og medviten i læring og utvikling • Ha tverrgåande tema som nettvett, demokrati og medborgarskap, berekraft og livsmeistring på agendaen i tverrfagleg fora, barnehage og skule • Sørge for at barn og unge blir spurd og høyrdd, og får førstehandserfaringar med demokrati og medborgarskap

07 KJELDER

7.1 Kjeldeliste

Agder Fylkeskommune. [Veikart for bedre levekår på Agder](#)

Folkehelseinstituttet (2018). Folkehelse rapporten: [Livskvalitet og psykiske lidelser hos barn og unge](#)

Folkehelseinstituttet (2020). [Hvordan planlegge for gode oppvekstvilkår?](#)

Folkehelseinstituttet (2021). [Kommunen kan legge til rette for mer fysisk aktivitet](#)

Folkehelseinstituttet (2022). Oppvekstbarometer Valle kommune

Helsedirektoratet: [Sosial ulikhet i helse](#)

Møller, Geir (2021). [Beskyttelsesfaktorer blant unge i Agder](#). Rapport til Agder Fylkeskommune frå Telemarksforskning.

Møller, Geir (2021). [Risiko- og beskyttelsesindikatorer blant unge i Setesdalsregionen](#). Notat til Agder Fylkeskommune frå Telemarksforskning.

Møller, Geir (2021). [Veileder i bruk av ungdomsdataresultater](#)

Nordens velferdssenter (2012). [Nordens barn - Tidlig innsats overfor barn og familier](#)

Norges offentlige utredninger (2017) [NOU 2017:12 Svikt og svik](#)

NRK (2021). [Frafall i idretten](#)

SSB. [Befolkningsframskrivning i kommunene 2020-2050](#)

Statped (2021). [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis](#)

Stortingsmelding nr 16 (2006- 2007). [Og ingen stod igjen og hang](#)

Stortingsmelding nr. 6 (2019-2020). [Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)

Ungdata (2020). [Stress, press og psykiske plager blant unge](#)

Ungdata (2022). Rapportar for barneskulen og ungdomsskolen i Valle. [www.ungdata.no](#)

Valle kommune (2016). [Kommuneplan 2016-2028 samfunnsdelen](#)

Valle kommune (2020): Planstrategi

Valle kommune (2021): Årsmelding 2020

Valle kommune / Setesdal barnevern (2022): Kartleggingsprosjektet